

## Svar på spørsmål frå Per Jarle Valvatne om ferjetilbod til Austevoll

Representanten **Per Jarle Valvatne** (A) har stilt slikt spørsmål:

Austevoll er ein av dei få kommunane i landet som ikkje har alternativ til ferjetransport når det gjeld reiser ut av kommunen. Slik rutetilbodet er i dag så går siste ferje relativt tidleg på kvelden. På sambandet mellom Hufthamar og Krokeide er siste avgang frå Hufthamar kl 22.35 og frå Krokeide kl 23.20. Frå Husavik er siste avgang i vekedagane og søndag kl 20.25, laurdag kl 19.15. Frå Sandvikvåg er siste avgang i vekedagane og søndag kl 20.50, laurdag kl 19.55.

Spørsmålet mitt er då: Kva vil det koste å få til ein ekstra avgang kvar veg alle dagar?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Det er gjort overslag på kva ei slik utviding av rutetilbodet kan koste. For Krokeide-Hufthamar er utvidinga estimert å ha samla meirkostnader på omlag kr. 5 mill pr. år, og for Husavik-Sandvikvåg om lag kr. 3,5 mill pr.

Årsaka til meirkostnadene er at utviding av driftsdøgeret vil krevje ny bemanningsløysing. I tillegg får ein bruk av biodiesel i staden for elkraft, fordi batteridesign og elektrisk anlegg i utgangspunktet ikkje er dimensjonert for ein slik utvida produksjon. I tråd med sak 193/2019 i fylkesutvalet, om rutetilbodet for fylkesvegferjer i Hordaland, skal det startast opp eit samarbeidsprosjekt med operatørselskapa for å sjå på korleis ein kan optimere bruken av det eksisterande batteri- og ladeutstyret. Eit av formåla her er å sjå på fleksibilitet i endring av ruteproduksjon. Prosjektet vil bli starta opp når ein i løpet av 2021 får erfaring med fullelektrisk drift i dei nye kontraktane.

For å endeleg fastslå kostnadene og konsekvensar for auka utslepp er det nødvendig med ei grundigare utgreiing og vidare dialog med operatøren.